



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

# Kommunal beredskapsplikt

Haram kommune

Tilsynsdato: 28.02.2019

Rapportdato: 14.04.2019

## Innhald

<b>1</b>	<b>BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING</b> .....	<b>3</b>
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING .....	3
1.3	TILSYNSTEMA .....	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING .....	5
<b>2</b>	<b>HOVUDINNTRYKK</b> .....	<b>6</b>
<b>3</b>	<b>RESULTAT FRÅ TILSYNET</b> .....	<b>7</b>
3.1	AVVIK .....	7
3.2	MERKNADER .....	8
<b>4</b>	<b>VIDARE OPPFØLGING</b> .....	<b>9</b>

## 1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

<b>Tidspunkt for tilsynet:</b>	13.02.2019 (formøte) 28.02.2019 (tilsyn)
<b>Adressa til kommunen:</b>	Brattvåggata 19, 6370 Brattvåg
<b>Kommunennummer:</b>	1534
<b>Kontaktperson i kommunen:</b>	Vidar Tolås
<b>Fylkesmannen sitt tilsynslag:</b>	Atle Morsund (tilsynsleiar) Renate Frøyen
<b>Tilsynsrapporten er skriven av:</b>	Atle Morsund
<b>Tilsynsrapporten er godkjent av:</b>	Helge Møgstad
<b>Førebels tilsynsrapport sendt:</b>	20.03.2019
<b>Endeleg tilsynsrapport sendt:</b>	14.04.2019
<b>Kommunen sin frist for oppfølgingsplan:</b>	27.05.2019

### 1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Haram kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

### 1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den einskilde kommune minimum kvart fjerde år.

### 1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyn i 2016 og seinare.

#### 1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

<b>Nr.</b>	<b>Dokument</b>	<b>Datering</b>
1.	Overordna styringsdokument for beredskapsarbeidet i Haram kommune	18.02.2019
2.	Heilskapleg ROS-analyse for Nye Ålesund kommune med vedlegg – utkast	16.05.2018
3.	ROS-analyse Haram kommunale vassverk	00.04.2018
4.	Sakspapir ROS-analyse for brannordninga i Haram	22.09.2016
5.	Dokumentasjon av kartlagd risiko for brann og redning Haram kommune	12.08.2016
6.	Plan for kriseleieing i Haram kommune med vedlegg	18.02.2019
7.	Plan for krisekommunikasjon med befolkninga, media og eigne tilsette	18.02.2019
8.	Planstrategi 2016 – 2019	Ikkje datert
9.	Strategiplan for Haram kommune 2007 – 2017	21.07.2007
10.	Kommuneplan Arealdelen – Planomtale Høyringsversjon 1	Ikkje datert
11.	Plan for omsorgsberedskap i Haram kommune	18.02.2019
12.	Tiltakskort for leiar/ fungerande leiar av omsorgsberedskapsgruppa	18.02.2019
13.	Ressursoversikt omsorgsberedskapsgruppa	06.07.2018
14.	Pandemiberedskap i Haram	15.08.2009
15.	Kriseplan for Oppvekstsektoren	00.09.2012
16.	Akuttside	Ikkje datert
17.	Beredskapsplan mot akutt forureining for Sunnmøre	Ikkje datert
18.	Samarbeidsavtale om drift av Ålesund og omegn krisesenter	24.11.2015
19.	Avtale om drift av felles helseteneste mellom Ålesund kommune og Haram	08.03.2017
20.	Samarbeidsavtale for vertskommunesamarbeid om Brann- og redningstenester	17.02.2016
21.	Evaluering øving Fårikål 2017	Ikkje datert
22.	Evaluering av: bortfall av telekommunikasjon 06.03.2014	08.09.2014
23.	Skredfarekartlegging i Haram kommune – NVE	00.10.2018

## 1.5 Gjennomføring

Formøte med Haram kommune vart gjennomført 13.02.2019. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 28.02.2019. Kven som deltok går fram av tabellen under.

<b>Deltakarar</b>	<b>Stilling</b>	<b>Formøte</b>	<b>Opningsmøte</b>	<b>Intervju</b>	<b>Sluttmøte</b>
Vebjørn Krogsæter	Ordførar	X	X	X	X
Turid Hanken	Rådmann	X	X	X	X
Per Langnes	Leiar stab/støtte	X			
Kristin Molt Korsnes	Einingsleiar helsetenester		X		
Vidar Tolås	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Albert Gjørtz ( <i>på SKYPE</i> )	Ålesund kommune		X		X
Renate Frøyen	Seniorrådgjevar		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

## 2 Hovudintrykk

Nesten alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og dokumenta syner at kommunen er medviten sitt beredskapsansvar.

Arbeidet med heilskapleg ROS-analyse for Nye Ålesund kommune vart starta opp i 2018, men er ikkje ferdig og skal forankrast politisk i den nye kommunen i 2020. Analysen oppfyller dei fleste minimumskrava i forskrifta. Det går ikkje fram korleis relevante offentlege og private partar har vore invitert til arbeidet med heilskapleg ROS. Delar av det som forskrifta skildrar som minimumskrav finn vi fragmentert på dei hendingane analysen omfattar, og analysen har potensiale for å bli meir lesbar med litt meir prosa i den generelle delen, om t.d. kva som er dei største farane i kommunen. Heilskapleg vurdering om kommunen sin evne til å oppretthalde drift ved uønskte hendingar, og behovet for befolkningsvarsling og evakuering kunne fått ein meir sentral plass der.

Vi finn ikkje at langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er skildra i det overordna planverket til kommunen. Vi rår til at funn i ROS-analysen som gjeld Haram kommune vert vidareført/ oppdatert i planverket i den nye storkommunen.

Beredskapsplanen til Haram kommune er oppdatert i februar 2019. Planverket stettar alle minimumskrava i forskrifta, så vidt. Plan for evakuering er tynt skildra i det overordna kriseplanplanverket. Plan for korleis eigne tilsette skal informerast ved uønskte hendingar er godt skildra, og bør takast med/utviklast i beredskapsplanen for Nye Ålesund.

Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som er øvd og prøvd. Vi finn rutinar for at kommunen skal evaluere både hendingar og øvingar, og vi finn evalueringar etter øvingar. Kommunen har ikkje hatt hendingar behandla av kriseleiinga sidan førre tilsyn.

Vi slår fast at planverket for helse- og sosialområdet i nokon grad er på plass. Pandemiplan er frå 2009. Vi reknar med at revisjon/nytt planverk vil få fokus når den nye storkommunen er etablert.

Når det gjeld potensialet for forbetring kan det vere snakk om litt finpuss i ROS-analysen, som betre tilpassing til forskriftskrava. Det bør lagast ein prioritert oppfølgingsplan basert på funna i ROS-analysen, og det bør leggest stor vekt på at planverket for den nye storkommunen synleggjer utfordringane lista opp i oppfølgingsplanen til analysen.

### 3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte to avvik. Eitt forhold er kommentert som merknad.

#### 3.1 Avvik

Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

##### **Avvik nr. 1**

Haram kommune manglar heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse.

##### **Regelverkstilvising:**

Sivilbeskyttelseslova § 14 og forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2.

##### **Utdjupande kommentar:**

Den heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalysen er den viktigaste berejelen i den kommunale beredskapsplikta. Arbeidet er godt i gang saman med dei andre kommunane som skal bli Nye Ålesund kommune, og er forventa forankra i den nye kommunen i primo 2020. Arbeidet er forankra i kommunen sin planstrategi.

##### **Avvik nr. 2**

Haram kommune har ikkje med utgangspunkt i den heilskaplege ROS-analysen fastsett langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet.

##### **Regelverkstilvising:**

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 3.

##### **Utdjupande kommentar:**

Haram kommune manglar overordna forankring av mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet på dette fagområdet, som ein konsekvens av at kommunen ikkje har, eller har hatt, ei forankra heilskapleg ROS-analyse.

### **3.2 Merknader**

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

#### ***Merknad nr. 1.***

##### **Kommunen bør:**

- Skildre/dokumentere betre prosedyre med korleis relevante offentlege og private aktørar har vore invitert og tatt del i arbeidet med heilskapleg ROS-analyse for den nye storkommunen.
- Få forankra langsiktige mål, strategiar, prioriteringar og plan for oppfølging av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap, som gjeld det geografiske området Haram kommune, i overordna planer i kommunen (samfunnsdel) i den nye storkommunen frå 01.01.2020.



#### **4 Vidare oppfølging**

Fylkesmannen ber om at kommunen lagar ein plan for når og korleis det avdekte avviket skal følgjast opp. Planen skal sendast til fylkesmannen seinast seks veker etter tilsynsrapporten er motteken.

Med utgangspunkt i kommunen sin plan, vurderer fylkesmannen om tilsynssaka kan avsluttast. Kommunen får tilbakemelding om dette seinast tre veker etter fylkesmannen har motteke kommunen sin oppfølgingsplan.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten eller oppfølginga, kan fylkesmannen sin tilsynsleiar kontaktast:

Atle Morsund, [atle.morsund@fylkesmannen.no](mailto:atle.morsund@fylkesmannen.no), 71258484 / 40843772